

LOV og EVANGELIUM

Nr. 3

MARS 2000

36. årgang

Sorg som ingen angrar

Av Dag Rune Lid

«For sorga etter Guds hug verkar omvending til frelse, som ingen angrar. Men verdsens sorg verkar død.»

(2 Kor 7:10)

Mange menneske opplever sorg. Det kan vere sjukdom, naud på ymse vis, ulykker eller død. Bibelen fortel oss mykje om sorg, men i dette verset høyrer me om ei underleg sorg - som ingen angrar. Kva sorg er det? Jau, det er sorga etter Guds hug. Denne sorg fører til den største lukke i livet for det menneske som får møte den, for den fører til frelse og evig liv. Den sorg derimot, som Herren ikkje får ta seg av, - verkar til død, både åndeleg og lekamleg.

At dei må vende om

Brevet som dette verset er henta fra har Paulus skrive til sine vene i kyrkje-lyden i Korint. Han kalla dei sine kjære. Det er ikkje alltid så lett å ta opp ting med våre kjære, dei som står oss nær. Ein er redd for korleis dei vil reagere: - Kanskje dei ikkje vil ha kontakt lenger, - kanskje det verkar vreide, - kanskje dei legg meg for hat og eg misser kontakten med dei for all tid. Me veit ikkje alt Paulus tenkte på. Men det var om å gjere for han å få skrive til sine kjære - elles kunne det føre til at dei gjekk evig fortapt.

Det var kome inn synd mellom venene i Korint. Paulus vart minna av Gud om å skrive brev til dei om dette. Det var ikkje noko lett oppgåve å tale om synd og fråfall, og ta oppgjer med det. Paulus hadde sjelekvaler på grunn av brevet han skreiv. Det står at han til og med hadde angra på at han hadde sendt det. (2Kor 7:8) Han stilte seg nok spørsmålet: – Var det rett av meg å sende det? Men det var Guds ord han gjekk med. Det var nok den vonde som prøvde å hindra han.

Frå sorg til glede

Men så kom hans gode og nære medarbeidar Titus frå Korint (v. 6). Han hadde godt nytt å bringe. Han kunne fortelje at brevet hadde verka til sorg og omvending for dei som hadde lese det. Det hadde ført til oppgjer med synd, og til frelse for dei som tok imot bodskapen.

Det vart nok ei underleg stund for Paulus. Han som hadde angra at han sende brevet, og så fekk han høyre dette. Det er ikkje underleg at han skriv til dei att: «Men no gleder eg meg, ikkje over at de var sorgfulle, men av di de fekk sorg til omvending.» (v.9) Guds ord hadde fått gjort si gjerning.

BLADET UTGIS AV

NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON

Bladet LOV og EVANGELIUM

utgis av NLL og blir sendt gratis til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse. Bladet kommer med 10 nr. i året. Gaver til bladet kan sendes til kasserer i NLL.

Abonnement, oppsigelse og adresseforandring sendes **ekspedisjonen** v/Dag Rune Lid, 5600 Norheim-sund, tlf./fax. 56 55 26 72. E-post: drlid@online.no

Ansvarlig for bladet:

Red.nemnda ved form. Jon Espeland
Svartefjell 24, 4625 Flekkerøy
tlf. 38 10 00 61, fax 38 10 04 70
E-post: jesp@c2i.net

Faste medarbeidere i bladet:

Per Bergene Holm og Dag Rune Lid.

NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON

ble grunnlagt i 1963 av venner av den luthersk-rosenianske forkynnelse, og ønsker å forkynne Guds ord i skrift og tale både i Norge og ute på misjonsmarken. NLL har ytremisjonsarbeid i Peru.

Formann: Karl B. Bø, Vistnesveien 13,
4070 Randaberg, tlf./fax 51 41 87 46

Sekretær: Jon Espeland
Svartefjell 24, 4625 Flekkerøy
tlf. 38 10 00 61, fax 38 10 04 70

Kasserer: Torunn Ånestad, Kydland,
4360 Varhaug, tlf. 51 43 04 06
Bankgiro 3204 10 10222
Postgiro 0801 56 82133

BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES

ble grunnlagt i 1992, og eies og drives av NLL. Skolen har både halvårig- og ettårig kurs, og det er også adgang til å følge undervisningen i kortere perioder.

Skolen ønsker å formidle tillit til Guds ord og spørre etter de gamle stier (Jer. 6:16), samt fremme den arv vi har fra lekmannsbevegelsen og våre lutherske lærefredre.

Adr.: 3160 Stokke
tlf. 33 33 93 98, fax 33 33 91 40
Bankgiro 2490 45 39496
E-post: pbholm@online.no
Rektor: Per Bergene Holm,
3282 Kvelde, tlf. 33 11 26 96

Når det er sorg etter Guds vilje, og Herren får tale til oss i sorga, då er det rike løfte knytta til: «*Sæle er dei som sør-gjer, for dei skal verta trøysta.*» (Matt 5:4) Ta det til ditt hjarta du som vender deg til Jesus med di sorg. Du skal verta trøysta, fordi det er han som blir kalla «*all trøysts Gud*» (2Kor 1:3) som seier det, og han kan ikkje lyge.

Kom lat oss vende om

Det er eigentleg den største lukke i livet å få oppleve ei slik sorg – korleis ho enn møter oss. Får Gud ta seg av det vonde, vil ein erfare det same som Paulus skriv til romarane: «*For me veit at alle ting verkar saman til det gode for dei som elskar Gud*», det vil seie dei som tek imot hans Ord. (Rom 8:28)

Når Herren talar til ditt og mitt hjarta om våre synder, då vert me alle like – det verkar sorg. Men utgangen på sorga, den er avhengig av korleis du stiller deg til han som vil gje tilgjeving for synd.

Herren trengjer seg ikkje på, det var så mange han let gå.

Men måtte me seie som Israelsfolket då Herren tala om deira synder: «*Kom, lat oss venda om til Herren! For det er han som har rive i stykke, men han vil òg lækja oss. Han slo, men han vil òg binda om oss.*» (Hos 6:1) Då får sorga ein lukkeleg ende.

«*Hvorfor sørger du, min sjel?
Hvorfor er ditt livsmot bøyet?
Tro at Jesus vil deg vel,
Om hans råd er skjult for øyet.
Tenk hvor ofte har hans makt
Roser ut av torner brakt!*»

(Brorson, Sb 336)

Korsets nytte

Av Christian Scriver

Da vår Herre og frelser hadde utsagt sine disipler sin lidelse og sin død, vendte han seg til folket og sa: «Vil noen komme etter meg, da må han fornekte seg selv og hver dag ta sitt kors opp og følge meg.» (Luk 9:23) Jesus skjelner her mellom de troendes trengsler og de alminnelige lidelser og gjenvordigheter som dette liv er så rikt på. De ugodelige har også sin nød og sorg her i verden; men det kan ikke kalles et kors, fordi de jo ikke har noe samfunn med den korsfestede.

Enhver kristen har *sitt* kors. Ingen får en annens kors. Heller ikke blir noen glemt. Når noe tungt møter meg, skal jeg straks tenke: Dette er et kors som Gud har bestemt for meg. Skulle jeg ikke ville ta imot hva min Gud og Fader gir meg? Vær velkommen mitt

kjære kors! Kors og kristen hører sammen.

Vår Frelser har båret korset foran oss. Gjennom lidelse er han gått inn til herlighet. Følger vi ham etter, kan vi også være forvisset om at det etter kors og trengsler vil følge evig herlighet og salighet.

Gud gir sine barn korset for at hans navn skal bli forherliget. Guds kraft sees aldri bedre enn i skrøpelighet, og hans trøst kjennes ikke bedre enn i trengsler. Korset ydmyger. Det er som Luther sier: «Satte ikke tyrannene og de falske brødre så hårdt inn på meg, ville jeg komme til å hovmøde meg over mine gaver og tilskrive alt min egen dyktighet og mine evner og ikke Gud. På den måten ville jeg med all min kunst fare til djevelen.»

Innholdsfortegnelse ~ Lov og Evangelium, mars 2000:

Sorg som ingen angrar. Av Dag Rune Lid.....	side 1
Korsets nytte. Av Christian Scriver.....	side 3
Vandre som lysets barn! Av Jon Espeland.....	side 5
En sønderbrutt ånd. Av Asbjørn Aavik	side 6
Den store hemmelighet åpenbaret. Av C. O. Rosenius	side 7
Me treng å bli forferda av Herrens Ord! Intervju med Øyvind Samnøy	side 8
Strid troens gode strid! Av Per Bergene Holm	side 13
Omskjærelsen. Av Per Bergene Holm	side 15
La Kristi ord bo rikelig blant dere! Av Jon Espeland	side 17
Hans våpen er Ordet! Av Olav Valen-Sendstad	side 18
Besøk til misjonsfeltet i Peru.....	side 19
Konfirmasjon i regi av Bibelskolen på Fossnes.....	side 20

En annen gudfryktig lærer sier i fortalen til en av sine bøker: «Er det noe godt i den, takker jeg Gud og korset for det.» Det er jo så at man lærer den beste styrmann å kjenne i stormen, den dyktigste lege i den hardeste sykdom og den beste venn i nøden. Slik kan vi også i kors og trengsel lære hva vi har i Gud, den beste hjelper, legen over alle leger og den mest trofaste venn. I korsets tider har mange sett inn i evangeliets hemmelighet.

I kors og trengsler samler vi erfaringer. «Trengselen virker tålmodighet, tålmodigheten et prøvet sinn og det prøvede sinn håp.» (Rom 5:3-4) I trengselen kan vi få medfølende og medlidende hjerter. På den måte kan korset bli våre medmennesker til nytte. Mest gagner det oss selv. Ved korset tilgjører Gud vår vei med torner. Trengslenes ild bløtgjør vårt hjerte så Gud kan trykke sitt segl på det. I trengselstider kan vi vokse i nåden. Der finnes ikke lykkeligere Guds barn enn de som mest får prove korset. Korset forvisser oss både om Guds nåde i tiden og den himmelske glede i evigheten. «Alle dem Herren elsker, refser og tukter han.» (Åp 3:19)

Apostelen Paulus ser korset som en gave. «Eder ble det unt, for Kristi skyld – ikke bare å tro på ham, men og å lide for hans skyld.» (Fil 1:29) En erfaren prest fortalte: Da han var ung og nylig hadde begynt sin prestegjerning, kom han engang på besøk til en gammel gudfryktig naboprest. Denne tok vel imot ham og gjorde det hygge-

lig og godt for ham. Da den unge prest sa farvel, sa den gamle til ham: «Jeg ville gjerne si Dem noe, kjære pastor, som kunne minne Dem om meg. Vet de hva der fattes Dem?» «Ja,» svarte den unge presten, «det er nok mangt og meget, mere lerdom, en god hustru og et lykkelig hjem.» «Nei,» sa den gamle, «ett fattes Dem: Kors, kors kors.» Disse ord husket den unge presten gjennom livet. Han fikk kjenne meget av kors og trengsler i verden.

Vår Frelser sier at vi skal ta korset opp og følge ham. Mange gjør det nødtvungent og med uvillig sinn, sukkende og gråtende. De sier: «Jeg må lide. Det er ingen råd med det.» Andre tar korset opp og bærer det tålmodig, men ser det som en byrde de gjerne ville være kvitt. De sier: «Jeg kan lide. Gud gir meg kraft.» Etter andre igjen tar ikke bare korset villig opp; men de elsker korset og vet at det er kjennemerke på Jesu etterfølgere, og at det er Guds barns ære og skatt her i verden. De sier: «Jeg vil lide. Jeg elsker korset. Det kommer fra min Fader. Min Frelser har båret det foran meg.»

Aldri er Gud sine nærmere enn i korsets tider. På korsets vei har vi et hellig selskap i de hellige engler og alle de hellige på jorden. Og de troendes kors hører bare tiden til. Etter korset får vi kronen.

Fra Christian Scrivers «Sjeleskatt»

Vandre som lysets barn!

Av Jon Espeland

Jeg går en tur en kveld. Det er mørkt, men nymånen lyser opp så jeg kan finne fram i mørket. Det er fem dager før helmåne. For hver kveld blir månen lysere og skinner klarere. Månen kaster sitt lys til jorden. Men månen har intet lys, den låner alt sitt lys fra solen. Like fullt er månen mitt lys denne kvelden og viser meg hvor jeg kan sette min fot!

Det er underlig å tenke på månen. Den er et stykke jord og fjell, vi kunne kalte den en mørk jordklump. Men den lyser, tross i at den er død og kald. Det brenner ingen brann i den, den har ikke noe lys i sitt indre, intet lys i seg selv. Likevel lyser den i mørket og viser meg veien.

Du skjønner hvor jeg vil. Vi ligner månen. Bibelen forteller at vi er døde i våre overtredelser og synder. Vi har ikke lys i oss selv. Vi er mørkets barn. Vårt hjerte er kaldt og våre øyne er mørke. Vi kan verken finne eller vise vei. Derfor sier Skriften: «Våkn opp, du som sover! Stå opp fra de døde, og Kristus skal lyse for deg.» (Ef 5:14) Så sier apostelen Paulus videre til deg som er frelst: «Dere selv var jo en gang mørke, men nå er dere lys i Herren. Vandre som lysets barn!» (Ef 5:8) Hvordan kan du vandre som lysets barn? Jo, da må Kristus få lyse på deg!

Du har sett nymånen. Den vokser for hver dag. Fra å være i helt i skyggen av jorden lyser den mer og mer. For hver dag øker forbindelsen til lyskilden og månen skinner sterkere og klarere

jo mindre jorden skygger for solen. Når jorden og det jordiske kommer mellom deg og Jesus, mister du også ditt lys. Se på nedadgående måne: For hver dag skygger verden mer og mer for solen. Månen lys avtar inntil den blir helt mørk og ikke kan lyse for noen. Slik går det med meg og deg når ikke Kristus får lyse for oss. Da kan ikke vi lyse for andre. Da blir vi ikke Kristi lys i denne verden og kan ikke vise vei for dem som går i mørke.

Men når Kristus får lyse på oss blir vi selv lys i denne verden. «Dere er verdens lys!» sier Jesus. (Matt 5:14) «Er jeg noe lys da?» spør du. Se på månen! Den vet ikke at den lyser. Den vet ikke at den er til hjelp for meg på min vandring. Den vet ingenting, død og kald som den er i seg selv. Det er bare det at den oversvømmes av sollys som kaster sitt gjenskinn til jorden. Månen er bare et speil. Alt står og faller med solen!

Slik er det med deg og Kristus. Alt står til ham. Får han lyse på deg blir du en avglangs av han. Kommer verden mellom deg og Jesus, avtar ditt lys. Da er du som den nedadgående måne, – mindre og mindre lys inntil alt blir mørkt og kaldt.

Måtte vi være små nymåner i denne verden! – en avglangs av Jesu rettferdighet og nåde blant mennesker som lever i verdens mørke!

L&E

En sønderbrutt ånd

Av Asbjørn Aavik

Det var Yings tur til å lede kveldsandakten i bibelskolens kapell. Da han skulle lede i bønn etter åpningssangen, gikk han bort og tok den røde puten fra alterskammelen, la den like innenfor alterringen og knelte på den vendt mot oss. Så grep han med begge hender om den sortlakkerte alterringen. Jeg så at knokene hans ble hvite, så hardt var grepet. Hans indre var et hav av uro.

Og gutten begynte å be.

Nei, det var i grunnen ikke en bønn. Det var en bekjennelse – en ung manns syndsbekjennelse – åpent og sterkt innfor Guds og menneskers ansikt. Med stor røst, som var vanskelig å beherske, utøste han sitt hjerte. Gutten dro lukene helt vekk og åpnet for alt det innestengte han hadde båret i sitt hjerte og sinn både under dåpsundervisningen og sin dåp for to år siden. Disse dørene hadde vært stengt også disse månedene her ved skolen. Nå sprang de på vid vegg. Eller – : Gud selv åpnet byllen.

– Sønderknust, sa det dypt i min sjel. På disse ruinene vil Herren selv bygge noe nytt.

Det var dødsens stille i kapellet. Denne nødens og sønderknuselsens bønn bar bud til oss alle – gikk veien om hvert eneste hjerte – til selvranskakelse. Et par unge i benkene tok til å hikste.

Så reiser Ying seg, legger puten pent tilbake på bedeskammelen og kommer frem på talerstolen. Og jeg må sperre øynene opp i undring over denne ellers helt stille og tilbakeholdne gutten, som til daglig sier lite, men alltid kan leksene sine, alltid lytter.

For denne kveld – de 15 minuttene som er igjen av tiden – preker han som en profet. Det han sier kommer med myndighet og stor, ny kraft. Han løfter helene fra semen-ten. Brystet vider seg ut. Her er noe nytt, et hjerte som er renset i oppgjør. Nå strømmer floden inn, det nye liv. Og det sprenger på. Den unge guttens budskap griper i denne forsamling av elever og lærere.

Vi møttes utenfor kapellet etterpå. Heller ikke nå noe smil i det alltid alvorlige ansiktet. Men han ser opp, ser like på meg, slik bare den ser som har vært inne i Guds lys til oppgjør – :

– Fri! Endelig fri! Løst!

(Hentet fra boken
«Ved rikets port», 1959)

Den store hemmelighet åpenbaret

Av C. O. Rosenius

Kom som du er

«For bare hvis det var gitt en lov som hadde kraft til å gjøre levende, kom rettferdigheten virkelig av loven.»
(Gal 3:21)

En lærer i Sverige skrev i sin tid noe som er lærerikt også for oss:

Jeg har alltid tenkt at grunnen til at jeg ikke fikk fred med Gud, var den at jeg manglet alvor, oppriktighet osv. Jeg innså ikke lovens hensikt. Jeg forsto ikke at det var dens mål å døde og fordømme meg, men jeg trodde at jo mer jeg øvde meg i bønn og alle slags gode gjerninger, desto mer liv, kjærlighet og fred skulle jeg få.

Jeg trodde at omvendelsen er en forbedring i hjertet som jeg selv kunne gjøre ved Guds hjelp, og ikke en overbevisning om fortapelse og død. Jeg så ikke at nåden verken kan eller vil oppbygge en synder som ennå håper på seg selv. Men her vil den bryte ned, og siden gi ham liv. Jeg kunne ikke forstå at en kaller det egenrettferdig het at en vil forbedre seg ved Guds nådes hjelp. Men nå ser jeg at da ville jeg blitt min egen lykkes smed, ja, min egen frelser. Jo flittigere en arbeider, desto mer skal selvforbedringen lykkes. En er selv byggmester. Gud skal bare skaffe fram forskjellige materialer. Det er jo lett å se at alt dette går ut på å redde sin egen ære, ja, en gjør akkurat som det står i Gal 2:21: en forkaster Guds nåde.

Jeg trodde at Gud ved min bønn og mine tårer skulle beveges til å være nådig, og forsto ikke at Guds hjerte er fylt av kjærlighet, at alt er rede og at han bare venter på at vi skal komme og ta imot hans nåde. Jeg så ikke at omvendelsen behøves bare for min skyld – for at jeg skulle bli beveget til å ta imot den nåde som allerede er vunnet for meg.

Jeg så til slutt at jeg hadde søkt etter lyset i mitt eget hjerte. Istedentfor å høre hva Gud sa i evangeliet, søkte jeg etter følelser og vitnesbyrd i mitt indre. Derfor hadde jeg bare fred så lenge jeg følte det godt.

Men lovet være Gud! Jeg fikk se at jeg kunne komme akkurat slik som jeg var. Min Frelser hadde vunnet en rettferdskledning for meg som kan stå for Gud uten at jeg setter en eneste klut på den. Da jeg så dette, ble det min største synd å sette nye kluter på denne skinnende rettferdskledning, og jeg skammet meg over at jeg hadde stjålet ære fra ham – gjort Kristus til intet og meg selv stor.

Ingen forstår hvilken dyp vantro det ligger i det at man forsøker å forbedre seg før man tar imot nåden. Jesaja sier jo: «Kom, kjøp og et, ja kom, kjøp uten penger og uten betaling vin og melk!» (Jes 55:1) Legg merke til hva pengene heter: Intet! Og intet er intet! «Men er det av nåde, da er det ikke mer av gjerninger. Ellers blir nåden ikke lenger nåde.» (Rom 11:6)

Fra boken «Veiledning til fred»

«– Me treng å bli forferda av Herrens ord!»

Forkynnar Øyvind Samnøy i samtale med Dag Rune Lid

«– Me treng å bli forferda av Herrens ord!» Det er Øyvind Samnøy frå Luster i Sogn som seier dette. Han er forkynnar i Misjonssambandet om vinteren og sauebonde og jordbærproduzent i sommarhalvåret. Han voks opp på Samnøy i Fusa, men fann kona si inst i Sognefjorden. No held dei til heilt innunder Jotunheimen saman med fire små born.



Øyvind Samnøy

Folk er ikkje redd synda lenger

Ein merkar at Samnøy eig den himmelske naud for at sjeler som lever i åndelag sjølvbedrag må vakne opp før dei slår augo opp i helvetes gru. – Folk er ikkje redde synda lenger, seier han.

– Synda får makt i den grad ein gir ho rom. Det verkar så ufarleg å lefle med ho. Vil du ikkje bryte med synda i fyrste omgang, så vert det verre og verre. Det er som Ordet seier: «Når lysta har vorde svanger, føder ho synd. Men når synda er fullmogen, føder ho død.»

(Jak 1:15) Det er forferdeleg å sjå på det som skjedde med Judas, – korleis han byrja så forsiktig å ta av pengane, og til slutt hadde synda fått slik makt at det var umogleg å bryte. Det var syndeband som blei bundne om sjesslivet.

– Når du sit framfor fjernsynet, og ser synda, vert band bundne i ditt sjessliv – inntrykk som går inn i di udøyeyelege sjel. Der er mykje som du aldri burde sett. Du tar skade på di sjel. Du leikar med ei makt som du ikkje kan kontrollere. Synda er dødsens farleg, og mange får behalde «augo» men går evig fortapt.

– Eg kjenner også til dette i mitt eige hjarta, slik som songaren syng: «*Synden den trykker tung og hård. Fristeren lurar og därer. Verden i dag er som i går, Lokker og trenger og sårer. Kulden den vil i sjelen inn, Giften i tidens vær og vind Truer å røve meg livet.*»

– Eg trur det einaste som kan hjelpe i dag er at me får høyre Guds ord slik at me vert forferda og forskrekka over oss sjølve. For det er til slike Herren vil sjå: «Men den eg vil sjå til, det er armingen, og den som har ei knust ånd og er forferda over ordet mitt.» (Jes 66:2) Den som aldri har hørt Guds ord slik at han er blitt forferda, trur eg aldri har møtt Gud i Ordet.

– Les me vår Bibel så ser me at det var dette som skjedde med Jesaja, han som bryt ut: «Ve meg! Det er ute med meg.» (Jes 6:5) Bibelen gjev mange døme på dette. Eit verkeleg møte med Gud skaper redsle – ein vert forferda, og då vert det også behov for nåde og

frelse. Eit menneske er ikkje vorte fortapt i eigne augo så lenge det forlanger å bli trøysta. Når eit menneske verkeleg får sjå si sanne stilling i lys av Ordet, då ser ein at ein berre fortener dom og fortaping. Når du er komen på den plassen, då forventar du å bli forkasta og då vert også trøysta uventa for deg, seier Samnøy.

Guds ord må forkynnast så skarpt som det er

– Guds lov må forkynnast så lenge at ein misser kontrollen og vert hjelpelaus. Då vert ein også lydhøyr for Herrens tale, slik som Nordsletten syng: «Kan du have meg kjær, Selv så heslig jeg er, Da er du en forunderlig Gud.» Då er ein komen til den motsette ståstad i forhold til at ein krev trøyst, – no er ein mottakeleg for trøyst.

– Dette går an å læra reint teoretisk, men det er noko anna når ein sjølv erfarer det i hjarta. I dag er det så sjeldan at menneska får erfare å bli forferda. Årsaka trur eg me finn både i forkynninga og hjå tilhøyrarane, seier Samnøy.

– Forkynninga i dag maktar i liten grad å forkynne Guds ord så skarpt som det er, ein er meir blitt ein kelner som spør: «Hva behager?» Det er ikkje lenger det som Den Heilage Gud seier, som vert det viktigaste. Det burde ringje i øyro på alle forkynnalar når ein les frå Jermia der Gud talar gjennom profeten: «Eg har ikkje tala til dei, likevel profeterte dei. Hadde dei stått i mitt forrulege råd, ville dei la folket høyra mine ord og venda dei frå den vonde vegen og dei vonde gjerningane deira.» (Jer 23:21-22) Her trur eg skaden ligg når det gjeld forkynninga. Ein må ikkje bruke evangeliet til å avsvekke alvoret i lova slik at folket får inntrykk av at synda ikkje er så farleg. Mange møter kan di-

verre summerast opp med: **Alle var glade og ingen forandra.** Ingen blei ståande fortapte innfor Den Heilage Gud, og forkynninga førte ikkje til oppgjer med synd.

– Det er naudsynt at sjela vert ståande fast, at du opplever å ikkje sjå noko løysing. Då får du ein lukka munn framfor Den Levande Gud, og du får erfare at du er fortapt – du vert skuldig for Den Heilage Gud. Når eit menneske er kome i denne stilling, kjem evangeliet uventa. Du ventar å bli «steina», men i staden får du nåde, seier Samnøy.

Han understrekar også at dersom Guds ord skal ha denne verknad på hjarto så treng forkynnaren tid. – Det burde vere minimum 14 dagars møte-seriar, slik at Ordet kan få trengje ned i sjesslivet hjå tilhøyrarane.

Den som vrakar Ordet vert vraka av Herren

– Sett frå tilhøyraren si side, så kan du forsvare deg mot Ordet på ulike vis. Det står til dømes om Saul at han i frykt for menneske og i jag etter æra, forkasta Herrens ord. Det som skjedde var at guds frykta vart erstatta av menneskfrykt. Han sparte kongen til eiga æra, han bygde minnesmerke over seg sjølv osv. (1Sam 15) For å få gunst hjå menneske sparte Saul det beste av det bannstøyte som var under Herrens vreide og dom. Men domen var klar: «Fordi du vraka Herrens ord, har Herren vraka deg.» (v. 23) Då Saul møter «brodden» frå Guds ord, avsvekkar han det ved å seie at det var folket si skuld. Han forsvarte seg med vidopen munn og lukka øyre. Er det nokon gong menneske får talegåver, så er det når dei skal forsvare sine synder. Slik er det i dag også. Ein kan forsvare sjølv

dei grovaste synder, og ta brodden av Guds ord – men det fører til åndeleg død.

– Nokre tilhøyrarar trekkjer seg unna for å unngå å bli dømde – til ei anna forsamling der ein får fred, til ei forkynning utan brodd. Nokre nytter bodskapen på dei andre i forsamlinga, då ein ikkje har det sinn som ber: «Ransk mitt hjarta, Herre!» Andre leitar febrilsk etter eit Guds ord som kan forsvare og ta brodden av det forkynnte ord. Atter andre flyktar til ei frelsesoppleving, og prøver på den måten finne trøyst i at dei må ha det rett i dag også. Slik kan menneske slå vrak på Ordet heilt til dei slår sine augo opp i den evige fortapinga, seier Samnøy.

– Saul seier at han hadde spart det beste av det bannlyste for å ofre det til Herren. Menneska er på same vis i dag også, dei kan til og med få syndene til å høyrast fromme ut. Når Herren kjem på avstand går det an å finne andre namn på dine synder. Så kan den gjerrige og havesjuke omdøype det til «sparsommelighet» og «nøysomhet». Den som aldri seier eit ord om Jesus, og heller aldri har trøng for det i forsamling og på arbeidsplass – han seier: «Eg er beskjeden og vil ikkje stikke meg fram» – så vert det ein dyd, endå det heile botnar i menneskefrykt. Baktalen kan gå så mordarisk mellom bekjennande kristne, og så kallar ein det sakleg vurdering av si samtid og sine medvandrarar. Men Guds ord seier at baktalarar ikkje skal arve Guds rike.

– Det går heilt annleis med eit menneske som kjem Gud nær. Då slepp ingen ting unna. Sjølv det beste i mitt liv kjem under domen. Det vert ureint, og det gjer meg verdig til den evige fortaping. Det er farleg å synda og endå verre når

mennesket byrjar forsvare sine synder. Gud vil ha deg dit at du får ein lukka munn. Sjølvforsvaret må tagna. Du må stå der «blotta og bar» med dine synder. Då står du med ein lukka munn og med opne øyre. Då byrjar du spørje: «Kva seier du Herre?» Det som skjedde med Saul var det motsette. Øyro hans blei lukka for Guds tale, og munnen vart vidopen i sjølvforsvar. Det finst ein anger som ikkje vert til frelse, slik var det med Saul, ein anger som berre gjekk på følgjene av synda.

– Hjarteforholdet, det at Saul er komen bort i frå Gud i sitt hjarta, det vil ikkje Saul høyra noko om. Det går han utanom. Så brukar han alle midlar for å halde oppgjeret med Gud på avstand. Det ser ut for at Saul greidde det. Trass i Guds klare tale gjennom Samuel, kom ikkje Saul inn i lyset med sitt hjarteforhold, seier Samnøy.

– I denne søvnen si tid treng me spørje: «Korleis står det til i mitt hjarta? Er det rett med meg?» Let du Herrens ord lyse inn og avsløre dine djupaste tankar og meininger? Det var det Guds ord ville få gjere – trengje igjennom heilt til det kløyver sjel og ånd, ledd og merg, og dømer hjartans tankar og råd. (Heb 4:12) Har Jesus fått dømme synda i ditt liv, eller held du han på avstand? Det er ei lov i Guds rike at det berre er dei som let Herren dømme, som i sanning får bruk for nåden. «*Bare de som kjenner, Syndens nød seg vender, Hen til nåden fri.*»

– Det er godt når folket kjem på møte med den haldninga at no må eg få høyre sanninga. Det er når Sanningsanden er nær gjennom Ordet, at menneska har si vitjingstid. Om ein ikkje tek imot sanninga skjer det som Brorson syng: «*Den som ei vil lyset kjenne, Han skal*

seg på lyset brenne.» Då kjem ein med andre ord inn under forherdinga, seier Øyvind Samnøy.

Å forkaste Ordet fører til forherding

– I det siste har eg lurt på om me i vårt land opplever det som står i 2Tess 2:10-11 «Det går føre seg med allslags urettferd i forføring mellom dei som går fortapt, av di dei ikkje tok imot kjærleiken til sanninga, så dei kunne verta frelste. Difor sender Gud dei kraftig villfaring, så dei trur lygna.»

– Det spørst om det ikkje er det som herjar vårt folk i dag med så mykje uklar forkynning, taketale, ulike karismatiske retningar, liberal teologi, «lett» kristendom osv. – Jesus talte i likningar for å openberra for nokon, og skjula det for andre. Denne dobbelte verknad som Guds ord verkar, talar Jesus om også i Matt 13 i likninga om såmannen, der det står: «For hjarta åt folket har vorte sløvt, og med øyro hører dei tungt, og augo sine har dei late att, så dei ikkje skal sjå med augo eller høyra med øyro og skjøna med hjarto, og venda om så eg kunne lækja dei.» Dette gjeld Jesu likningar, men det gjeld også sann kristen forkynning.

– Guds ord er slik at der det ikkje vert motteke, vert det dunkelt og ein vert forblinda fordi ein ikkje tek mot kjærleik til sanninga. Det er difor Jesus seier: «Tru på Ijoset medan de har Ijoset,» (Joh 12:36) for elles vil ein erfare at «De skal leita etter meg og ikkje finna meg.» (Joh 7:34) Det var det Saul fekk oppleve, seier Samnøy.

– Då Saul omsider ropa etter Herren, svara ikkje Gud. (1Sam 28:6-18) Då var det berre dom igjen. Gud hadde lukka døra. Saul hadde stått så lenge

mot Guds ord – mot Sanningsanden si overtyding, at nådetida var slutt før levetida. Bibelen talar klart om at dette kan skje, også med oss om me står imot Ordet. Forherdinga vert då at Gud gjer hjarta hardt mot Ordet så at ein ikkje kan audmjuka seg for Gud og vende om. Dette kan gjelde som enkeltpersonar og som folk, og det spørst om det ikkje er dette som held på å skje med vårt folk, som det står om Jesabel: «Eg gav henne tid til å vende om, men ho ville ikkje vende om ...» (Op 2:21)

